



Øystein Austrheim og Mona Landa
Fonnes 70
5953 FONNES

Dykkar ref.:

Vår ref.:
20/224 - 17 / ANT

Dato:
07.08.2020

Informasjon om avløpssituasjonen i området og forslag til løysing for eigedom gbnr. 128/91, gbnr. 128/20,33, gbnr. 128/15 og 128 /78 - Fonnes

Austrheim kommune ser at dykkar private avløpsanlegg ikkje er tilfredstillande. Austrheim kommune har drøfta avløps situasjonen i området med Ronny Larsen og Øystein Austrheim tidlegare denne veka. Sidan det på dykkar naboeigedom i vest på gbnr. 131/6 no pågår arbeid med å knytta dei fem frådelt bustadomtane her til det kommunale avløpsanlegget i Nordre Fonnesvågen, så ber me om at de tek kontakt med grunneigar/aktørar der for vidare samarbeid om ei varig og god løysing for dykkar private avløpsanlegg.

Austrheim kommune ved Rolf Henning Myrmel og Asbjørn Nagell Toft hadde møte den 6. august med Tore Myklebusthaug, Kristoffer Myklebusthaug og Mikkal Myklebusthaug og drøfta ei slik felles løysing med dei. Dei var veldig positiv til ei slik løysing. Røyrleggjarfirma Vest Rørservice AS deltok og på dette på møtet. Representantane deira meinte dette og ville vera ei god og varig løysing for alle.

Austrheim kommune vil understreka at dette er ein vinn vinn situasjon for alle partar i området, både økonomisk og miljømessig. Austrheim kommune ynskjer at kommunen kan overta dette VA-anlegget fram til gbnr. 128/15. Frå denne staden på gbnr. 129/15 må det verta eit privat anlegg fram til og med eigedom gbnr. 128/91.

Røyrleggjarfirma Vest Rørservice AS vil truleg kunne hjelpa dykk med ein god søknad/prosjektering og ta ansvar for at det private avløpsanlegget dykkar fungerer saman med VA-anlegget til Austrheim kommune. Ta gjerne kontakt med underteikna eller Rolf Henning Myrmel for drøfting av saka.

Austrheim kommune ser fram til ein god prosess vidare i denne saka.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Björg Orlaug Myklebusthaug	Fonnes 20	5953	FONNES
Myklebusthaug Management as	Fonnes 50	5953	FONNES

Mottakere:

Elly Olaug Myklebust	Fonnes 82	5953	FONNES
Rita Myklebust	Nyhavn 8 B	5042	BERGEN
Ronny Larsen	Nyhavn 8 B	5042	BERGEN
Øystein Austrheim og Mona Landa	Fonnes 70	5953	FONNES